



Skjenkeløyvet blir forlenga for to sesongar for Systrene Nilsen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Formannskapet har samrøystes vedteke at Systrene Nilsen i Uskedalen skal få vidareført skjenkeløyvet på same vilkår som gjeld for løyvet ellers. Dermed gjeld det også for perioden frå 1. november til 31. desember 2011 og frå 1. april til 30. juni 2012.

Systrene Nilsen fekk i april skjenkeløyve for perioden mai-august i år og det gjekk såleis ut ved siste månadsskifte. Det utvida løyvet gjeld for julebordperioden i år og vårperioden neste år.

Skjenkeløyveperioden for alle skjenkeløyve går ut 30. juni neste år og løyve utover denne datoen skal leggjast fram for det nye kommunestyret til våren.

Under handsamiga tok Gunn Mari Moberg (H) opp spørsmålet om habilitet og ho vart samrøystes (8 røyster) erklært inhabil